

Navn, alder, bosted og arbeidssted

Sara Fugledal Wiik

35 år

Sande Kommune, Møre og Romsdal

Seniorrådgivar Norsk Sykepleierforbund

- **Inntil 5 relevante roller**

2018-2023 Styremedlem og nestleiar Jordmorforbundet NSF

2023-2025 Seniorrågiver Norsk Sykepleierforbund

2019-2023 Kommunejordmor og helsesjukepleiar, Sande Kommune

2016-2019 Jordmor i helse MR (Ålesund og Volda Sjukehus)

2016-2018 Rettleiar Amatheia

- **Hvilket verv du stiller til valg for**

Leiar

- **Kort tekst om deg selv**

Difor bør du stemme på meg som leiar i Jordmorforbundet NSF

Eg vil vere ein synleg og lyttande leiar – ein som møter deg der du er, og som tek medlemmane sine stemmer på alvor. For meg handlar leiarskap om fellesskap, fagleg styrke og retning. Vi skal stå saman, og vi skal bli høyrde.

Eg heiter Sara Fugledal Wiik, og eg stiller til val som leiar i Jordmorforbundet NSF fordi eg brenn for jordmødrene og framtida til faget vårt. Når jordmødrene har det bra, vert omsorga best – og det krev gode arbeidsvilkår og at vi får bruke kompetansen vår fullt ut.

Eg har vore jordmor i snart ti år, med brei erfaring frå sjukehus, kommune og organisasjonsarbeid. Sidan 2018 har eg vore styremedlem og nestleiar i

Jordmorforbundet, og i dag jobbar eg som seniorrådgivar i NSF med ansvar for jordmorsatsinga. Denne erfaringa gir både kontinuitet og kraft til å ta forbundet vidare – med nye idear og tydeleg retning.

Med utdanning innan leiing, kvinnehelse og kognitiv terapi, og erfaring som aktiv lokalpolitikar, har eg eit sterkt utgangspunkt for å påverke både fagleg og politisk. Eg vil styrke lokalgruppene, landsstyret og enkeltmedlemmane – slik at vi saman står sterkare i lag med organisasjonen NSF.

💜 Dette valet handlar om kven som skal gi Jordmorforbundet retning framover. Eg håper du vil gi meg tilliten til å leie oss vidare – med openheit, handlekraft og eit urokkelig engasjement for jordmødrene.

